



## Notat

Dato: 19.01.2017  
Arkivsak: 2016/9382-25  
Saksbehandlar: ariseks

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Orientering frå samferdselsavdelinga, m.a. retningslinjer for TT-kort.**

Ein representant frå Samferdselsavdelinga vil orientere fylkeseldrerådet om status, med fokus på saksområde nemnt i handlingsplanen. I særleg grad er fylke interessert i temaet «retningslinjer for TT-ordninga.

Her er ordlyden frå fylkeseldrerådet sin handlingsplan om samferdsel:

#### **Samferdsel**

- Fylkeseldrerådet vil ha særleg merksemd på ordningane for kollektivtrafikken i fylket, både når det gjeld lokaltrafikken i kommunane og langdistansetraffikk over kommunegrensene, med særleg fokus på:
- at Skyss sine tilbod når det gjeld ruteopplegg, informasjon til brukarane og tilrettelegging for eldre og funksjonshemma.
- å arbeida for at alle vegplanar inneheld punkt om at det blir laga sykkel-/gangsti langs alle nye vegar samstundes med at vegen blir bygd.

Fylkeseldrerådet vil arbeida for at universell utforming må gjelda:

- innreiing av dei kollektive transportmidla som fylket har ansvaret for.
- tilkomst til alle fylkeskommunale bygg.
- deltaking i prosjekt om universell utforming når dette skulle vera aktuelt.

Fylkeseldrerådet vil arbeida for at punkt 12 i "Retningslinjer for transportordninga for funksjons hemma i Hordaland" (TT-kort) vert endra, slik at brukararar som er løyvt TT-kort ikkje misser dette, sjølv om dei vert innlagde i institusjon.

Fylkeseldrerådet vil at Fylkeskommunen, i samarbeid med Trygg Trafikk, fokuserer på trafikksikringstiltak for utsette grupper.

